


Evaluering av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2015-2017

AUD-rapport nr. 04-17



Tittel: Evaluering av prøveordning med mobbeombod i Hordaland 2015-2017

AUD-rapport nr.: 04-2017

Forfattar: Martin Tvedt, Eva Vinjevoll

Kontakt: martin.tvedt@hfk.no, tlf.: 472 52 873; eva.vinjevoll@hfk.no

Oppdragsgjevar: Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune

Om rapporten: Evalueringa av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2013-2017 omfattar ei spørjeundersøking til rektorar, elevinspektørar, rådgjevarar og elevrådsleiarar samt tre djupneintervju med elevinspektør og rådgjevar ved tre skular.

Dato: 06.04.2017

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse



**HORDALAND
FYLKESKommune**

Innhold

1	Bakgrunn	1
1.1	Mobbing som samfunnsproblem	1
1.1.1	Situasjonen i Hordaland.....	1
1.2	Prøveordninga for mobbeombod i Hordaland.....	2
1.3	Mobbeombodet sitt arbeid i prosjektperioden.....	2
2	Metode	4
3	Resultat	5
3.1	Arbeid mot mobbing i skulane	5
3.2	Kjennskap til prøveordninga med mobbeombod	5
3.3	Skulebesøk.....	7
3.4	Kurs	8
3.5	Enkeltsaker.....	8
3.6	Effekter av prøveordninga	9
3.6.1	Mobbing på dagsorden	9
3.6.2	Kunnskap hos tilsette og leiing	10
3.6.3	Prøveordninga som lågterskeltilbod	11
4	Oppsummering	12
5	Referansar	13

1 Bakgrunn

1.1 Mobbing som samfunnsproblem

Mobbing kan definerast som gjentakande negative eller aggressive handlingar utført av ein eller fleire personar over tid. Det eksisterer ofte ein ubalanse i styrkeforhaldet mellom mobbar(ane) og dei som vert utsett for desse negative handlingane. Mobbinga kan skje verbalt, fysisk, relasjonelt eller digitalt.

Å bli mobba kan få ulike konsekvensar (Breivik, 2017). Mellom anna kan mobbing gje utslag i svært ulike helseproblem, deriblant angst, depresjon, psykosomatiske plagar i tillegg til posttraumatisk stress, sjølv mordstankar og sjølv mordsforsøk. Forskinga viser og at svake skoleprestasjonar, fråvær og svak tro på skolefagleg kompetanse har samanheng med mobbing.

Noreg har sidan tidleg 1980-talet jobba systematisk mot mobbing (Breivik, 2017). Forutan dei ulike tiltaksprogramma mot mobbing frå forskarane Dan Olweus og Erling Roland, tok Bondevik-regjeringa initiativ til ei satsing mot mobbing i perioden 2002-2004 («Manifest mot mobbing»). Skolane måtte legge fram sine planar for eit førebyggjande arbeid. Denne innsatsen gjorde utslag på statistikken og prosentandelen som opplyste at dei vart utsett for mobbing kvar veke eller oftare på nasjonalt nivå vart redusert frå 6,3 % i 2001 til 4,9 % i 2004. Etter denne innsatsperioden auka mobbestatistikken og det er framleis ein stor del barn og unge i Norge som vert utsett for mobbing (Breivik, 2017). Samstundes viser internasjonale studiar om mobbing at Norge kjem godt ut, noko som kan relaterast til innsatsen for å stoppe og førebygge mobbing.

1.1.1 Situasjonen i Hordaland

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking i regi av utdanningsdirektoratet. Alle skular er pålagde å gjennomføre undersøkinga for 7.-trinn, 10.-trinn og VG1 kvar haust. Undersøkinga tek føre seg sentrale tilhøve ved elevane sitt læringsmiljø. Hordaland Fylkeskommune utarbeidar i tillegg ein tilstandsrapport for vidaregåande opplæring der elevundersøkinga er blant datakjeldene.

Tilstandsrapporten 2015 rapporterte om følgjande funn når det gjeld mobbing i skolen:

Tabell 1: Tilstandsrapporten 2015

Har du blitt mobba på skulen dei siste månadane?	Ikkje i det heile tatt	Ein sjeldan gong	2 eller 3 gongar i månaden	Om lag 1 gong i veka	Fleire gogar i veka
2015	91,85%	6,07%	0,76%	0,42%	0,90%
2014	91,64%	5,71%	1,12%	0,45%	1,09%

Generelt viser statistikken at talet på elevar som vert utsett for mobbing er redusert, men den observerte nedgangen vi ser frå 2014 til 2015 kan skuldast metodiske endringar. Tala frå Elevundersøkinga 2016-17 viser at delen elevar som har vore utsett for mobbing 2-3 gongar i månaden eller oftare no ligg på 2,8 %. Ettersom undersøkinga nyleg er endra for å imøtekomme dei metodiske utfordringane som omtalt, er det ikkje mogleg å direkte samanlikne dette talet med tidlegare år. Tala for mobbing i Hordaland speglar situasjonen i resten av landet. Gutar er meir utsette for mobbing enn jenter, det er 2,7% av gutane som melder at dei blir mobba, mot 1,4% av jentene under vidaregåande opplæring. Det er også skilnadar mellom yrkesfag og studiespesialiserande, der elevar på yrkesfag er meir utsett for mobbing.

1.2 Prøveordninga for mobbeombod i Hordaland

I statsbudsjettet for 2014 blei det sett av midlar for å opprette ei prøveordning med mobbeombod. Frå hausten 2015 blei det tilsett eit mobbeombod i Hordaland. Ombodet er organisert under Opplæringsavdelinga, seksjon skule. Ordninga er i prøveperioda delfinansiert av staten. Også Buskerud, Nordland og Østfold har hatt mobbeombod i prøveperioden, og mobbeombodet i Hordaland har delteke i nettverkssamlingar saman med dei andre mobbeomboda. Læringsmiljøsentret i Stavanger står også som ein sentral part i ordninga, og bidreg bl.a. med å oppdatere omboda på forskning og vegleie ved behov.

Mobbeombodet i Hordaland blei tilsett i ei toårig prosjektstilling frå august 2015. I opplæringslova (1998) seier Paragraf 9a-1 at «*Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring*»¹. Mobbeombodet skal opplyse om denne retten, og jobbe for at den blir teke i vare på dei vidaregåande skulane i Hordaland. Mobbeombodet arbeidar mykje med mobbesakar, men retten skal takast i vare uavhengig av årsaka til at eleven misstrivast. Lærlingar blir ikkje omfatta av opplæringslova, men heller av arbeidsmiljølova.

Ombodet sitt ansvarsområde er elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Arbeidsoppgåvene består blant anna i å rettleie skular i handtering av enkeltsakar, rettleie i det systematiske arbeidet med handsamingsplanar, arbeide førebyggjande og gi informasjon til elevar og tilsette i vidaregåande skule, samt setje mobbing på dagsorden gjennom medieoppslag og liknande.

1.3 Mobbeombodet sitt arbeid i prosjektperioden

Mobbeombodet har sjølv valt å dele arbeidet i fire delar:


1. Lågterskeltilbod for elevar, lærlingar og skular
2. Førebyggjande arbeid ut mot skulane
3. Systemarbeid med utarbeiding av rutinar
4. Å sette mobbing på dagsorden

Det å vere eit **lågterskeltilbod** for elevar, lærlingar og skular vil seie at ombodet skal bistå med rettleiing i enkeltsakar. Ombodet har ikkje ei saksbehandlarrolle, men skal heller rettleie og hjelpe dei som ønskjer det. Det kan både vere skular som ber om hjelp til å handtere saker, eller elevar og føresette som tek kontakt for å få hjelp til korleis dei skal gå fram. I hovudsak bidreg mobbeombodet med rådgjeving, men i enkelte tilfelle har mobbeombodet vore med i møter mellom skule og elev. Det er difor store skilnadar i kor mykje tid ombodet brukar i enkeltsaker. I nokre tilfelle brukar ho berre fem minutt, medan ho i andre tilfelle må ha møter og samtalar som går over fleire veker eller månader.

Ombodet har i alt fått 43 henvendingar som gjeld enkeltsakar i vidaregåande skule; seks var frå 2015 (etter 01.08), 26 frå 2016, og til no i 2017 (21.03) har ho motteke 11 henvendingar frå elevar. I tillegg har ho motteke to henvendingar som gjeld lærlingar, begge i 2017. Fokuset til mobbeombodet er vidaregåande opplæring, men ho har motteke enkelte henvendingar frå barnehage og grunnskule. Elevinspektørar, føresette, enkeltelevar og rådgjevarar er dei som oftast har kontakta mobbeombodet for å varsle om enkeltsaker (sjå figur 3).

¹ Opplæringslova. Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Lov 17.juli 1998

Figur 1: Henvendelsar om enkeltsaker. Stilling og/eller rolle. Tal henvendelsar.



Det **førebyggjande arbeidet** handlar om å gi tilsette og elevar kunnskap, dette skjer i hovudsak gjennom skulebesøk. Ombodet har helde foredrag både for tilsette og elevråd. All informasjon er i utgangspunktet basert på forskning om mobbing. Målet er både å gjere lærarane og elevinspektørane flinkare til å plukke opp mobbinga som skjer, samt det å gjere elevane meir bevisste på sine rettar. Eit anna viktig poeng med å reise ut på skulane er å fortelje kva mobbeombodet kan hjelpe med, altså auke kjennskapen til ordninga.

Mobbeombodet har hatt som mål å besøke elevråda ved alle vidaregåande skular i Hordaland i løpet av prøveperioden, noko som ser ut til å bli vanskeleg. Til no har ho besøkt 26 skular. Det har vore ulike opplegg på ulike skular. For elevråd har ho hatt workshop med fokus på leiartrening, då på kva ein god og inkluderande leiar er. På nokre skular har ho heldt kurs for heile trinn eller skular, samt at ho har hatt kurs for tilsette og møtt opp på eit par foreldremøter. Det var svært tidkrevjande å halde skulering for heile skulen, tanken er difor at elevrådet skal ta den informasjonen dei får vidare ut i klassene.

Systemarbeidet går både på å hjelpe skular til å handtere mobbesakar best mogleg når dei fyrst skjer, samt at det kan gå på rutinar for førebygging. Ombodet ønskjer å rigge systemet best mogleg, både gjennom kompetanseheving, auke bevisstheita og det å gjere rutiane enno betre. Ein viktig del av det systematiske arbeidet er å få informasjon ut, både til elevar/lærlingar og til føresette. Informasjonen går på å fortelje om rettighetene og korleis dei skal gå fram dersom rettighetene ikkje er oppfylt.

I samarbeid med skulehelsetenesta i Bergen kommune arbeidar ombodet no med ein mal for handlingsplanar for skular. Ombodet har også nylig starta arbeidet med ein mal for handteringa av lærlingsakar, dette er i samarbeid med fagopplæring. Målet er å gjere det lettare for skular og bedrifter å utarbeide handlingsplanar tilpassa deira skule/bedrift.


I den fjerde delen er tanken at **mobbing må vere på dagsorden** kontinuerlig, gjerne ved å snakke med media, eller andre arenaer der det kan vere aktuelt. Mobbeombodet meiner sjølv at ein ved å ha ei stilling som heile tida arbeidar med mobbesaka er med på å skape kontinuitet i arbeidet mot mobbing. Det er støtt og stadig prosjekt som setter mobbing på dagsordenen, men mobbeombodet vil vere med å skape større kontinuitet i arbeidet. Ombodet ønskjer å samarbeide meir med kommunikasjon for å legge ein kommunikasjonsstrategi, noko som burde skje i samråd med elev- og lærlingombodet. I media har mobbeombodet vore intervjuet på Vestlandsrevyen og ordninga har blitt omtalt i fleire aviser i regionen.

2 Metode

For å kartleggje erfaringane med prøveordninga for mobbombod i Hordaland er det gjennomført ei spørjeundersøking ut til dei vidaregåande skulane. Utvalet består av rektorar, elevinspektørar, rådgjevarar og elevrådsleiarar. Desse stillingane blei vurdert til å ha dei beste føresetnadene for å kunne svare på ei spørjeundersøking om erfaringane knytt til prøveordninga med mobbeombod. Det blei vurdert å ta med lærarar som er tillitsvalde, men av tekniske årsakar blei det krevjande å skilje ut desse som unike respondentar på ein effektiv måte.

Totalt er det 177 respondentar i utvalet. Til saman svarte 108 respondentar, noko som utgjør 61 % av utvalet. Størst er deltakinga frå rektorane der 32 av 43 rektorar har svart. 29 av 37 elevinspektørar og 27 av 68 rådgjevarar² har svart på undersøkinga. 19 av 33 elevrådsleiarar har delteke³. Forutan rollane nemnt over er stillinga feilaktig sendt ut til seks respondentar som er lærarar og assisterande rektor. Desse er ikkje teke med vidare i resultatane då dei aldri var meint å vere ein del av utvalet. Dermed er det stor prosentvis deltaking av rektorar og elevinspektørar og ein lågare prosentvis deltaking av rådgjevarane og elevrådsleiarar som har delteke. Dette bidreg til ein skeivfordeling i utvalet der nokre stillingar har ein høgare representativitet enn andre i undersøkinga, noko som gjev høgare usikkerheit i spørsmål fordelt på stilling.

Figur 2: Alle respondentar fordelt på stilling. Prosent. *Lærarar og assisterande rektor



Forutan spørjeskjema blei elevinspektør og rådgjevar på tre skolar invitert til å delta i eit djupneintervju om deira erfaringar frå prosjektperioden⁴. To skular i Bergensområdet deltok, kor ein var bydelsskule i Bergen, i tillegg til ein skule utanfor Bergensområdet. Skulane har varierende storleik, geografisk plassering og programtilbod. Intervjua som er gjennomført er semi-strukturerte i den forstand at ein følger intervjuguide med definerte spørsmål, men samtalen og diskusjonen vert ikkje bunden.

2 Omfattar tilsette med ansvar for sosialpedagogisk rådgjeving og karriere/yrkesrådgjeving

3 Grunna ei ufullstendig liste av elevrådsleiarar i Hordaland har ikkje alle hatt moglegheiten til å delta

4 Ved ein av skulane var berre elevinspektør tilgjengelig under datainnsamling

3 Resultat

I det følgjande presenterast resultat frå spørjeundersøking og intervju i ein felles del. Vi vil her omtale det generelle arbeidet mot mobbing i skulane i dag; kjennskap til prøveordninga; erfaringar frå skulebesøk, kurs og enkeltsakar; oppfølging samt effektar av prøveordninga.

3.1 Arbeid mot mobbing i skulane

Ved alle dei tre skulane som er intervjuet er førebygging av mobbing viktig og noko som blir jobba mykje med. Førebygginga skjer i stor grad gjennom arrangement og opplegg som skal skape eit godt skulemiljø. Dømer på dette er oppstartsturar, idrettsdagar, juleavslutningar og samlingar. I tillegg er fleire av skulane med i VIP, eit opplegg der elevar blir para saman og skal følgje kvarandre nokre veker før ein rullerar og byttar partner. Målet med det er å skape gode relasjonar tidleg. Elevinspektørane har ansvar for gruppeaktivitetar og elevråd, og kan vere med å dra i gang arrangement. Dette oppfattast som eit viktig ledd i det førebyggjande arbeidet.

To av skulane opplyser at dei har eigne ressursteam som involverer rektor, rådgjevar, elevinspektør, helsesøster, oppfølgingsteneste (OT/PPT) samt psykolog eller lege. Dette fungerer som eit koordinerande organ for støttetjenester til elevane og sørger for kunnskapsflyt mellom dei ulike aktørane.

Det varierer i kva grad skulane har rutinar eller tiltaksplanar for handtering av mobbing. Alle skulane opplyser at dei har dokument som skildrar dette, men at dei har og fått innspel frå mobbeombodet når det gjeld forbetringar.


Generelt oppfattast læraren som eit viktig førsteledd i arbeidet mot mobbing. Særlig er det viktig at læraren skapar tillit slik at elevane har ein låg terskel for å varsle. Samstundes skal lærarane sørge for god klasseleiing som kan skapa tryggleik hos elevane. Lærarane er og viktige for observasjon og tidleg intervensjon mot mobbing.

Ein av skulane er opptekne av at føresette skal ha kjennskap til elevane sine retter og bruker tid på å informere om dette, særleg paragraf 9a i opplæringslova der elevane sitt psykososiale miljø er omtalt.

3.2 Kjennskap til prøveordninga med mobbeombod

Kjennskapen til prøveordninga med mobbeombod i Hordaland kan seiast å vere relativt god blant respondentane i undersøkinga. Figur 3 oppsummerer funna om kjennskap fordelt på stilling.

Figur 3: Kjennskap til prøveordninga med mobbeombod i Hordaland. Fordelt på stilling. Gjennomsnitt av skalaverdiar.




Av figur 3 ser vi at det riktignok er forskjellar mellom stillingane. Elevinspektørane (4,7) er klart mest positive i sine svar der ingen respondentar svarer lågare enn verdien 4 på ein skala frå 1 til 5 om i kor stor grad dei kjenner til prøveordninga. Av rådgjevarane som har svart er snittverdien noko lågare, 3,9. I likheit med elevinspektørane varierer minimum og maksimumsverdien på den positive sida av svarskalaen, mellom 3,9 og 5. Blant rektorane

er det større variasjon i svara, med svar frå heile skalaen, men med ein snittverdi på 4,2 har fleirtalet nokså stor grad av kjennskap til prøveordninga. Elevrådsleiarane er dei som har dårlegast kjennskap til ordninga med ein snittverdi på 3,2⁵.

Når det gjeld respondentane si oppfatning av den generelle kjennskapen til prøveordninga med mobbeombod i dei vidaregåande skolane er dei ikkje fullt så positive i svargjevinga. Her er snittverdien 3,6. Figur 4 oppsummerer svara om den generelle kjennskapen til prøveordninga i dei vidaregåande skulane.

Figur 4: Generell kjennskap til prøveordninga med mobbeombod i Hordaland i dei vidaregåande skulane. Fordelt på stilling. Gjennomsnitt av skalaverdiar.




Elevinspektørane er også i dette spørsmålet positive til at prøveordninga er generelt kjend i dei vidaregåande skulane, men snittverdien er noko lågare enn eigen kjennskap. I tillegg er det meir variasjon i svara der minimumsverdien er 2, som her vil sei liten grad av kjennskap til prøveordninga. Rektorane ser også ut til å vere positive med tanke på den generelle kjennskapen. Samstundes er det, i likskap med det første spørsmålet, stor variasjon i svara som er gjeve. Rådgjevarane ligg omtrent på snittet for alle respondentane (3,5). Her er minimumsverdien 2. Elevrådsleiarane er dei som meiner det er dårleg grad av kjennskap til prøveordninga ute i skulane. Med ein snittverdi på 2,2 og minimum og maksimumsverdi på høvesvis 1 og 4 er det likevel noko variasjon i svara.

⁵ Merk at ikkje alle elevrådsleiarane har fått moglegheit til å svare på undersøkinga.

3.3 Skulebesøk

Av 111 respondentar svarar 55 % at dei har hatt besøk av mobbeombodet på sin skule medan 29 % svarer nei. 16 % svarer dei veit ikkje eller ikkje kjenner til dette.

Figur 5. Besøk av mobbeombodet. Alle respondentar. Prosent.



Skulane sine erfaringar med skulebesøk

Alle skulane som er intervjuar har hatt besøk og elevrådsulering på sine skular. Formålet med besøket har vore ulikt, men felles for alle er at elevrådet har fått ansvar for å vidarebringe informasjonen om mobbeombodet ut til klassene. Det er litt ulike oppfatningar av kor godt dette har fungert. På ein av skulane hadde mobbeombodet øvingar og oppgåver med elevrådet, som igjen blei vidareført av elevrådet i klassene:

Rådgyvevarane var med som observatørar i klassane medan den tillitsvalte (eleven) styrte økta. Det var ein del greie øvingar om kva det betyr å sende negative kommentarar på bakgrunn av forutinntatte sanningar om korleis ting er. Det fungerte veldig bra, det sa folk frå fleire hald, men frå enkelte klasser var det litt meir medium. Det hadde nok litt å gjere med kor sterkt den tillitsvalte gjekk inn for det. (Elevinspektør, skule i bydel i Bergen)

På dei andre skulane har elevrådet gått tilbake til klassane og informert om tilbodet om mobbeombod.

Elevinspektørane er ofte til stades på elevrådsuleringane, og deira oppfatning er at det har vore gode og nyttige kurs. Det blir meldt om at dette er noko ein ønskjer å gjenta seinare år. Om det er naudsynt at mobbeombodet sjølv møter opp å gjennomfører elevrådsuleringa eller om elevinspektørane kan gjere det dersom dei får opplegget er noko som kan diskuteras. Nokre av informantane såg det som viktig at nokon utanfrå snakka om dette temaet, medan andre såg på dette som elevinspektøren sitt ansvar.

Når mobbeombodet har vore på skulebesøk har ho også hatt møter med tilsette på skulane, då i alle fall elevinspektørar og rådgyvevarar. På desse møta har systemarbeid vore på dagsorden. Mobbeombodet har for nokre skular støtta arbeidet med å skape gode rutinar for prosessar både når det gjeld førebygging og handtering. Tilbakemelding på dette er at det har vore nyttig då rutinane blir tydligare:

Det ho hadde funne ut var at vi har ikkje hadde eit godt nok formalisert opplegg og vore gode nok til å lage slike rutinar. Det har vi jobba med i ettertid. Vi har vore fornøgd med opplegget. Det har vore veldig bra. (Elevinspektør, skule i Bergensområdet)

Samstundes meinte ein informant at elevinspektørane fint kan ta arbeidet på systemnivå sjølv, men at mobbeombodet heller kan vere der som ein samtale/diskusjonspartner når det oppstår vanskelige enkeltsakar:

På systemnivå så trur eg at elevinspektøren klarar det godt sjølv, det er ikkje nødvendigvis slik at mobbeombodet må komme ut. Når det gjeld enkeltsakar der det er vanskelig å vurdere korleis ein skal gå fram så kan mobbeombodet nok vere ein god samtalepartner. (Elevinspektør, skule i bydel i Bergen)

At mobbeombodet er synleg oppfattast som viktig med tanke på kjennskap til nye saker. Ved ein skule fekk informantane kjennskap til ei mobbesak etter at mobbeombodet var på besøk. Oppfatninga var at besøket bidrog til at saka blei varsla om. Slik sett er det viktig at mobbeombodet er fysisk tilstades og møter elevane.

3.4 Kurs

Mobbeombodet har halde ei kursrekke med tre kurs. Av dei elevinspektørane som er intervjuja deltok alle på minst eitt. Kursa vart skildra som gode og nyttige kurs. Ein av informantane har til dømes sakna praktiske råd om korleis ein skal jobbe med mobbing:

Dei kursa vi har vore på dei siste åra, dei har vore veldig konkret på dette å få inn verkty. Det har jo vore sakna tidlegare. Vi har fått ein del førelesningar på generelt grunnlag om mobbing, men kva er våre verkty her på skolen slik at vi kan drive kartlegging og førebygging? Der trur eg mobbeombodet har gjort ein god jobb. (Elevinspektør, skule i Bergensområdet)


Det var og tilbakemeldingar på at tre kurs kan bli litt mykje, i alle fall om det er snakk om årlege kurs. Skulane har behov for oppdatert informasjon, men det er til stadig ting som skjer anten det er kurs eller konferansar. Tilsette i skulane ønskjer å vere tilgjengeleg på skulen i størst mogleg grad og det er difor viktig at det ikkje blir for mykje. Særlig blir det vanskelig for dei som arbeidar i distrikta å møte opp på alt.

Noko som blir trekt fram som positivt er at slike kurs og samlingar kan gje rådgjevarar og/eller elevinspektørar ein møteplass som gir moglegheiter for erfaringsutveksling. Det er berre ein elevinspektør på kvar skule, og mobbeombodet kan difor fungere som eit bindeledd mellom dei.

3.5 Enkeltsaker

Figur 7 viser kor mange som har hatt enkeltsaker knytt til mobbing og om mobbeombodet har vore involvert i handsaminga av desse:


Figur 6: Enkeltsaker mobbing. Alle respondentar. Prosent.



58 % av respondentane, 61 av 105, svarer at dei har hatt enkeltsaker etter at prøveordninga for mobbeombod i Hordaland vart innført i 2015. Av desse igjen svarer 33 % eller 20 respondentar at mobbeombodet har vore involvert i sakene.

Erfaringane med mobbeombodet har vore gode. Figur 8 viser tilbakemeldingane på fagleg støtte, om mobbeombodet er aktuelt for framtidige involveringar og om mobbeombodet kan vere ein nøytral part, uavhengig av tidlegare erfaring:

Figur 7: Fagleg støtte i enkeltsaker, involvering i framtidige saker og mobbeombodet som nøytral part i handsaming av enkeltsaker. Respondentar som har hatt erfaring med mobbeombodet og alle respondentar. Gjennomsnitt av skalaverdiar.



Dei som har hatt saker vurderer den faglege støtta som god (3,9 på ein skala 1 til 5). Desse vurderer også å involvere ombodet i framtidige saker (4,6). Samstundes er det tydeleg at dei som ikkje har erfaring med mobbeombodet frå før, ser fordelen ved å involvere ein nøytral part (i den grad mobbeombodet kan ha ein slik rolle) i handsaminga av enkeltsaker.

Skulane sine erfaringar med mobbeombodet i enkeltsaker

Korleis informantane får kjennskap til mobbesaker varierer. Bekymringsmeldingar kan kome frå kontaktlærer, varsling frå elevar og føresette, eller ved observasjon frå lærarar, elevinspektørar og rådgjevarar. Informantane meiner det er vanskeleg å sjå eit bestemt mønster eller trend for korleis dei får kjennskap til sakene, men å få vite noko tidleg er avgjerande:

I nokre saker kan det gjerne gå litt lang tid, at det har skjedd ting som kanskje burde ha vore oppdaga tidlegare. (Elevinspektør, skule i Bergensområdet)

Når det gjeld handtering av enkeltsaker varierer behovet for støtte og rådgjeving avhengig av omfanget til saken. Tilbakemeldingane frå informantane var at mobbeombodet bør ha ein rådgjevande funksjon og vere ein diskusjonspartner ved behov. Det er ønskjeleg at mobbeombodet kjem med konkrete tips i korleis ein kan handtere saker. I mange tilfelle vil elevinspektørar og rådgjevarar sitte med kunnskap sjølv slik at behovet for ombodet ikkje er til stades i alle mobbesaker, men kanskje i dei litt meir spesielle eller krevjande sakene. Det kan vere nyttig å ha nokon å rådføre seg med dersom dei tilsette er usikre:

Når det fyrst skulle skje så var det bra at ho var der. Vi tok det dagen etter at ho var der og ordna fort opp i det. Saken er no avslutta. Det gir ein trygghet til handling, det er det viktigaste. (Rådgjevar og elevinspektør, skule utanfor Bergensområdet)

Mobbeombodet sin kompetanse blir også trekt fram som nyttig når ein skal formalisere enkeltvedtak. Det er viktig å ha nokon å kontakte, spesielt om det har gått lang tid sidan siste sak. Generelt er informantane positive til den faglege støtta og rådgjevinga ved handtering av enkeltsaker.


Informantane har ikkje hatt eit stort behov for oppfølging frå mobbeombodet i dei enkeltsakene dei har hatt. Ein av skulane meiner at mobbeombodet heller ikkje treng å vere så tett på saka, at det er for tett på ansvarsområde til dei som jobbar på skulen.

3.6 Effekter av prøveordninga

3.6.1 Mobbing på dagsorden

Respondentane vart bedne om å ta stilling til påstanden om at prøveordninga har bidrege til at mobbing er satt på dagsorden. Figur 8 viser resultatet fordelt på stilling:

Figur 8: Påstand om mobbing er sett på dagsorden ved skulen. Respondentar som har hatt skulebesøk. Tal og prosent.




Som figur 8 viser er fleirtalet av respondentane nokså eller heilt einige i at mobbing er satt på dagsorden ved skulen. Mest positive er rektorane der 14 av i alt 18 er nokså eller heilt einige. Elevinspektørane og rådgjevarane er og positive, men i noko mindre grad enn rektorane. Det er få elevrådsleiarar som har svart på spørsmålet, men her er respondentane delt. 3 av 7 er verken einige eller ueinige i om mobbing er satt på dagsorden.

3.6.2 Kunnskap hos tilsette og leiing

Dei som svarte at dei har hatt besøk av mobbeombodet tok stilling til eit sett med påstandar om kunnskap hos tilsette og leiing, kunnskap om handtering av mobbesaker, kunnskap knytt til lovar og regelverk samt om mobbing har vore sett på dagsorden etter innføring av prøveordninga. Figur 6 oppsummerer svara fordelt på stilling:

Figur 9: Påstandar om prøveordninga for mobbeombod. I alt og fordelt på stilling. Tal og prosent.



Respondentane er mest eintydige i svargjevinga kva gjeld om tilsette og leiing ved skulen har fått auka kunnskap om mobbing. 7 av 10 seier seg nokså eller heilt einig (4 og 5 på svarskaalen). Blant elevinspektørane, rådgjevarane og elevrådsleiarane er det eit klart fleirtal som er nokså eller heilt einig i denne påstanden. Blant rektorane er det derimot meir usikkerheit om dette er tilfellet. 4 av 10 rektorar (8 av i alt 19 svar) er verken einig eller ueinig i påstanden (3 på svarskala mellom 1 og 5).


Når det gjeld kunnskap om handtering av mobbesaker er det også her eit fleirtal, 7 av 10, som er nokså eller heilt einige at tilsette og leiing ved skulen har fått meir kunnskap om dette. Medan rådgjevarane er meir positive til denne påstanden (10 av 11 er nokså eller heilt einige), er det meir usikkerheit blant elevrådsleiarane om dette. Her svarer 4 av i alt 7 svarande respondenter at dei anten er verken einige eller ueinige (2 stk), eller at dei er nokså eller heilt ueinig i påstanden (2 stk). Grunna få svar her er det vanskeleg å sei noko om dette representativt for alle elevrådsleiarar. Rektorane er her meir konsistente i svargjevinga der fleirtalet er nokså eller heilt einig at tilsette og leiing har fått meir kunnskap om handtering av mobbesaker.

På påstanden om at tilsette og leiing har fått meir kunnskap om krav i lov og regelverk knytt til elevane sitt psykososiale miljø svarer i overkant av halvparten av respondentane at dei er nokså eller heilt einige. Eit større mindretal er verken einige eller ueinige og er slik sett meir usikre på om dette er noko tilsette og leiing har fått meir kunnskap om. Størst er usikkerheiten blant elevinspektørane der 6 av i alt 11 svarer at dei er verken einige eller ueinige i påstanden. Det same gjeld rektorane, som er delt likt mellom dei som er nokså eller heilt einige og dei som er verken einige eller ueinige. Rådgjevarane er dei som er klart mest positive, der 7 av i alt 11 respondenter er nokså eller heilt einige.

3.6.3 Prøveordninga som lågterskeltilbod

Respondentane tok stilling til to påstandar om dei er einige eller ueinige i at det er ein lågare terskel for å varsle om mobbing og om elevar, lærlingar og føresette har fått eit betre tilbod om rettleiing. Figur 10 viser svara:

Figur 10: Påstander om terskel for varsling og tilbodet om rettleiing. Respondentar som har hatt skulebesøk. Gjennomsnitt av skalaverdiar. Tal og prosent.



I figur 10 ser vi at respondentane er delte i påstanden om at det har blitt ein lågare terskel for å varsle om mobbing etter innføring av prøveordninga. Ein stor del av respondentane, 3 av 10 er verken einige eller ueinige i påstanden, noko som kan tyde på at det kan vere vanskeleg påstand for respondentane å ta stilling til. Denne usikkerheiten er gjennomgåande for alle stillingane.

Påstanden om at elever, lærlingar og føresette har fått eit betre tilbod om rettleiing er det større grad av einigheit om. 6 av 10 svarer dei er nokså eller heilt einige i denne påstanden. Mest positive er rektor og elevinspektør. Rådgjevarane er meir usikre her, berre 4 av i alt 11 svarande er nokså eller heilt einige i påstanden. Blant elevrådsleiarane er 4 av 7 nokså eller heilt einige i at tilbodet om rettleiing er betre. Merk at det er vanskeleg å vurdere kor representative svara frå denne gruppa er, då få har svart.

4 Oppsummering

Oppsummert kan vi sei at prøveordninga med mobbeombod i Hordaland er godt mottatt. Kjennskapen til ordninga er god blant rektorar, elevinspektørar og rådgjevarar som jobbar i skulen, men i mindre grad blant elevrådsleiarane. Den generelle kjennskapen til prøveordninga ute i skolane er vanskeleg å vurdere, men respondentane oppfattar at kjennskapen er god, men her er svara mindre positive samanlikna med eigen kjennskap.

Dei fleste respondentane svarer at dei har hatt skulebesøk. Informantane er positive til besøka, men det varierer korleis besøka har vore lagt opp og korleis skulane har vidareført informasjonen frå mobbeombodet ut til elevane. 8 av 19 elevrådsleiarane svarer at dei ikkje veit eller kjenner til om mobbeombodet har vore på besøk på deira skule. Dette kan tyde på at informasjonen om besøket ikkje har nådd ut til elevane. Ei viktig tilbakemelding var til dømes at mobbeombodet gjennom besøk kan vere med å senke terskelen for å varsle om saker.


Gjennom ei kursrekke har tilsette fått moglegheit til å lære meir om mobbing. Dette er positivt mottatt. Mellom anna er det viktig at skulane får praktisk informasjon om korleis dei skal jobbe med mobbing og ikkje berre generell kunnskap om kva mobbing er. Her er oppfatninga at mobbeombodet har bidrege positivt. Skulane er usikre på kor ofte ein bør tilby slike kurs og korleis dette kan bidra til at flest mogleg kan delta. For elevinspektørane, som ikkje har kolleger i same type stilling, kan samlingar i regi av mobbeombodet vere ein mogleg arena for nettverk og kunnskapsdeling.

I enkeltsaker har mobbeombodet vore involvert i omtrent 30 % av sakene som respondentane opplyser at dei har hatt etter prøveordninga starta. Ein stor del av sakene løysast altså utan hjelp eller støtte frå mobbeombodet. Den faglege støtta og rådgjevinga frå mobbeombodet i sakene der ombodet har vore involvert i oppfattast som god. I tillegg er respondentane positive til at ombodet vert kontakta igjen skulle ein ny sak oppstå. Det er også interessant at respondentar utan erfaring med mobbeombodet svarer at ein nøytral part kan vere ein fordel i handsaming av enkeltsaker. Ønskje frå informantane er at mobbeombodet er ein rådgjevane og støttande part i enkeltsaker. Det er særleg i dei krevjande og litt meir spesielle sakene at tilsette har behov for råd og støtte. Det opplevast som ein fordel at nokon ser saka utanfrå, særleg på dei små skulane.

Når det gjeld kva effektar ein ser frå prøveordninga med mobbeombod er tilbakemeldingane at mobbing er sett på dagsorden. Tilsette opplever å ha fått meir kunnskap om mobbing og handtering av mobbesaker, men er meir usikre i påstanden om at dei har fått meir kunnskap knytt til lover og regelverk. Ein forklaring kan vere at dei allereie før innføringa opplevde å ha god kjennskap til lover og regelverk eller at mobbeombodet har fokusert mindre på juridisk kunnskap i sitt møte med dei tilsette ved skulane. Det er einigheit om at prøveordninga har ført til eit betre tilbod om rettleiing for elever, lærlingar og føresette, men respondentane er usikre på om terskelen for å varsle er lågare.

5 Referansar

Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak. Stavanger: Læringsmiljøsentret.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

